



## INFORMASJON TIL KONFIRMANTAR OG FORELDRE/FØRESETTE

Hei alle saman!

Denne våren har mykje blitt snudd på hovudet for dei fleste av oss. Vi i Ønsket og Elsket skulle på denne tida av året allereie ha møtt mange av dykk på Konf. Kick-off for eit par veker sidan, og i desse dagar vore fullt i gong med førebuingar til sommarens konfirmasjonsleirar. Slik blir det dessverre ikkje, Kick-off blei som de veit avlyst, og det er leit å meddele at også **sommarens konf.leirar L1 og L2 på Gjennestad, i veke 26 og 32, må utsettast på grunn av koronasituasjonen**. Vi veit at dette er noko mange hadde gleda seg til og det hadde vi også!

Men, fortvil ikkje, det blir felles konfirmasjonsleir! Vi jobbar no for fullt med eit opplegg for **vinterferien, veke 8 2021**, som vi lovar blir ein veldig god erstatning for sommarleirane. Vi har i skrivande stund fleire alternativ, og treng difor fortsatt noko tid til å få på plass alle detaljar om tid og stad, for å vere sikre på at vi tilbyr dykk det aller beste. I fyrste omgang er det viktig at alle som hadde tenkt å delta på leir i sommar held av heile veke 8 neste år, det vil seie **laurdag 20. – søndag 28. februar, 2021**. Det kjem ikkje til å vere aktuelt med alle desse dagane, men inntil vidare er det viktig å halde av veka, og så vil vi så snart som mogleg koma tilbake med endeleg stadfesting på kva datoar som vil gjelde. De vil få meir informasjon fortløpande, og vi anbefaler alle å fylgje med på våre nettsider: [ønsketogelsket.no](http://ønsketogelsket.no), som til ein kvar tid oppdaterast med den nyaste informasjonen.

Den delen av konfirmantopplegget som skjer i Ønsket og Elsket utgjør rundt halvparten av det obligatoriske konfirmantopplegget dykkar. Resten skjer lokalt i kyrkjelydane der dykk bur. For dei som ikkje kan, eller ikkje ønskjer, å vere med på leir er *Pilegrimskonfirmant* eit likestilt alternativ ein kan velje. Eit tredje alternativ er *nettkonfirmant*, dette er eit behovsprøvd alternativ for dei med spesielt behov for

tilrettelegging, og må i så fall avklarast med lokal prest/konfirmantansvarleg der dykk bur.

Den ordinære påmeldingsfristen til både leir og pilegrimskonfirmant er 1. mai. Denne har vi i år forlenga til **16. mai**, på grunn av koronasituasjonen. Innan 16. mai må difor alle som skal vere konfirmantar neste år gå inn på vår heimeside: [ønsketogelsket.no](http://ønsketogelsket.no), og melde seg på anten **konfirmasjonsleir** eller **pilegrimskonfirmant**, eventuelt ta kontakt med lokal konfirmantansvarleg ved behov for nettkonfirmantalternativet.

Vi ser fram til å møte dykk, alle saman, og lovar at vi skal gjere vårt yttarste for at dykk får ei konfirmasjonstid med mange gode og uforgløymelege opplevingar!

Med beste helsing

*Alle oss i Ønsket og Elsket Crewet*



Petter Jakobsen

*Ungdomsprest/dagleg leiar i Ønsket og Elsket*

*Den norske kyrkja, Øvre Telemark prosti*